



NOTAT

Nedlegging av Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum gjennom fusjon med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

I samband med opprettinga av Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MISF) og konsolideringa av musea i Sogn og Fjordane i 2009 har styret for Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum (SFKM) freista tilpasse vedtektene til den nye organiseringa. Lotteri- og stiftingstilsynet avviste i brev av 30.09.13 vår søknad om registrering og godkjenning av endringane i vedtektene. Styret oppretta då ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å diskutere saka med tilsynet og få råd om kva som best kunne gjerast.

Stiftingstilsynet peika på at enkelte element i prosessen i Sogn og Fjordane ikkje var i samsvar med stiftingslova. Tilsynet meiner at

«Regnskapene viser at konsolideringen innbar en overføring av verdier fra SFKM til MISF. Etter stiftelsesloven er dette å klassifisere som en utdeling. Utdelinger må være i tråd med stiftelsens formål, jf. stiftelsesloven § 19. Dersom utdelingen ikke har skjedd i tråd med stiftelsens formål, er utdelingen ulovlig.»

Og videre:

«Slik Stiftelsestilsynet ser det er det tre måter å endre stiftelsen på for å tilpasse seg konsolideringen:

I. Endring av vedtekter

Endring av vedtektene innebærer at vedtektene må endres slik at stiftelsen gis mulighet til å utsette drift ved avtale til en annen enhet. Dersom endring av vedtektene skal kunne gjennomføres må dette innebære at stiftelsen ikke overfører verdier til driftsenheten. En vederlagsfri overføring vil kunne være i strid med stiftelsesloven § 19.

II. Deling

En deling innebærer at stiftelsen deles i to enheter. Den utskilte delen, driftsenheten, sammenslås deretter med MSF. En deling kan innebære at driftsmidler overføres til MSF i forbindelse med delingen.

III. Sammenslåing

Dersom SFKM overfører alle sine eiendeler må dette være å anse som en sammenslåing med MSF. En sammenslåing innebærer at overdragende stiftelse opphører å eksistere.»



Saksutgreiing

I drøftingsmøte 28.10.2014, der styreleiar Liv Stave deltok saman med Ivar Svensøy, Morten Johan Svendsen og Anne-Marie Førde, tok styreleiar til orde for å greie ut alternativ III; Samanslåing. Det vil sei at Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum legg seg ned og stiftinga sitt formål vert ført vidare gjennom ei fusjon med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Underteikna fekk i oppdrag å lage eit notat om saka som så er sendt styremedlemmene til uttale. Styret har nytta lang tid på saka for å få tid til å mogne synspunkta. Ingen i styret har merknader til framlegget om å legge ned og fusjonere stiftinga og vil gjere vedtak om det så snart saka er handsama av stiftarane.

Framlegg om nedlegging og samanslåing vert no difor sendt til stiftarane, som vi ber handsame saka så raskt som mogeleg. Styret ønskjer å slå saman stiftinga snarast og i løpet av året. Vi ber difor om at det ikkje vert oppnemnd nye representantar til Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum etter kommunevalet i september. Desse skulle i motsett fall tiltre sine verv frå 2016.

SFKM-styret sine oppgåver

Det herskar ingen tvil om at styret sine oppgåver og mogelegheiter har våre svært avgrensa etter 2009. Styret har eller får ingen løyvingar å drive for. Dei oppgåvene som fylkeskommunen tenkte det gamle stiftingsstyret kunne ha, i høve til dømes utvikling av kunstnarsenterfunksjoner og liknande, syner seg vanskeleg å implementere utan reelle verkemiddel. Styret har eigentlig ikkje pengar til ein gong å møtast.

Dei einaste oppgåvene styret har er av reint formell karakter: Godkjenne ein proforma årsmelding og eit proforma rekneskap som syner +- 0,-. Vidare skal styret nemne opp sin representant til Representantskapsmøte i MISF.

Stiftinga sitt formål

Det er ingen usemje om at konsolideringa i 2009 var i samsvar med stiftinga sitt formål. Åra frå 2009 syner at Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane fullt ut kan arbeide for å realisere Sogn og Fjordane Kunstmuseum sitt formål. Faktisk kan ein hevde at Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane har gjort Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum overflødig i og med at formålet er samanfallande og der Musea i Sogn og Fjordane mottar og styrer alle løyvingane.

Representasjon

Stiftarane av Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum er representerte i representantskapet til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og har direkte innflytelse på val av styre der. Det gjeld fylkeskommunen, kommunane Førde, Jølster, Hornindal og Lærdal og kunstnarorganisasjonane.



Organisasjon

Ein fusjon av stiftingane vil gi ein enklare organisasjon, der stiftarane i staden kan legge all merksemd på utvikling av Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Ein fusjon vil gi klare liner i høve til organisasjon og administrasjonen. Rådgevande organ forankra i SFKM sine vedtekter, som Kunstfagleg råd, kan først vidare gjennom til dømes særskilde retningsliner etter ei samanslåing. Det ligg allereie føre driftsavtaler mellom kommunane Jølster, Lærdal og Hornindal og Musea i Sogn og Fjordane om drift av museumseiningane. Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum er i dag heller ikkje part i desse forhandlingane eller i avtalene. Saman med ein mogeleg ny finansieringsordning for musea er dette argument som taler for ein fusjon.

SFKM sine verdier

På grunnlag av dei nemnde driftsavtaler treng det ikkje skje endringar i eigartilhøva i samband med ei samanslåing. Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum eig den delen av kunstsamlinga som vart innkjøpt i åra 2004 til 2008. Dette er dei einaste verdiane stiftinga har i dag og det kan lett lagast ei spesifisert liste over desse. Ved ein fusjon vil samlinga verte overført til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, som i dag alt eig all tilvekst i samlinga frå 2009.

Fusjon

Som det går fram av Stiftingstilsynet sine alternativ er ein fusjon det enklaste alternativet for å kome seg ut av den aktuelle situasjon og samstundes utvikle museet vidare. Fusjonen skjer formelt gjennom vedtak i styret på grunnlag av samtykke frå stiftarane. Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane må vidare formelt samtykke til fusjon. Fusjonen må godkjennast av Stiftingstilsynet. Det reknar vi med vil vere ein rein formalitet, all den tid tilsynet sjølv har tilrådd ein fusjon.

Konklusjon

Styret for Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum ønskjer å vedta nedlegging av stiftinga og føre stiftinga sitt formål vidare gjennom ein fusjon med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Styret oppmodar stiftarane, Sogn og Fjordane fylkeskommune, kommunane Førde, Jølster, Lærdal og Hornindal samt Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane og Norske Kunsthandverkere Vest-Norge om å slutte seg til framlegget om fusjon mellom Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Førde, 26. april 2015
Morten Johan Svendsen
avdelingsdirektør



Musea i Sogn og Fjordane
Gota 16, 6823 Sandane
Tlf. +47 57868480
Bank 3705.16.96647
Org.nr. 994 179 136

Sogn og Fjordane Kunstmuseum
Postboks 663, 6804 Førde
Tlf: +47 974215 65
sfkm@misf.no
Besøksadresse: Storehagen 1 a, Museumsplassen,
6800 Førde
facebook / www.sfk.museum.no